



Å
L

K
O
M
M
U
N
E

Arealdel av kommuneplanen 2010 – 2022

Utfyllande føresegner og retningslinjer

Ål kommune, Utviklingsavdelinga, 06.05.2010

Justert etter 2. gongs handsaming i KPU 30.03.09

og ny planlov som trådde i kraft 01.07.2009

og meklingsmøte 12.02.10

og kommunestyrevedtak 23.06.2010



AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN FOR ÅL 2010-2022

UTFYLLANDE PLANFØRESEGNER OG RETNINGSLINER

Tekst i ramme er juridisk bindande føresegner etter § 11-7, 11-8, 11-9, 11-10 og 11-11 i plan- og bygningslova. Tekst som ikkje er ramma inn er retningslinjer. Desse vil bli vektlagt ved handsaming av enkeltsaker.

PLANOMRÅDET

Planområdet omfattar heile Ål kommune unnateke Sundreområdet og Øvre-Ålsåsen (Primhovda). Desse områda har egne kommunedelplanar.

PLANKARTET

Plankartet er i målestokk 1:75.000 med utsnitt i forstørre målestokk.

1.0 GENERELLE FØRESEGN (§ 11-9)

1.1 Plankrav etter §11-9 nr. 1, 6 og 7

I område for bygningar og anlegg og LNF der det er opna for spreidd utbygging kan det ikkje oppførast bygg eller frådelt tomter til dette føremålet før det føreligg godkjent **reguleringsplan (område eller detaljregulering)** (§11-9, nr. 1).

Unntak frå plankravet :

Plankravet gjeld ikkje mindre frittliggande bygningar eller mindre tiltak på eksisterande byggverk på bebygd eigedom (§ 20-3 a og c).

Sjå pkt 2.1.1 om tidlegare disposisjonsplanar.

Sjå pkt 3.1.2 om frådelt tomter i LNF-2 B område.

Sjå pkt 3.2.1, c og d, om spreidde bustader og næring.

For områda (N20, N21, F6-1, F6-3a, F6-3b, F6-14 og F6-15) og områda (F3-1 og F3-2) skal det vere godkjent **Områderegulering**

Nye og vesentleg utviding av eksisterande masseuttak skal skje etter godkjend reguleringsplan.

Stadfesta kommunedelplanar for Sundreområdet og Primhovda, samt regulerings- og bebyggelsesplanar jf. planarkiv for Ål kommune, skal framleis gjelde. Føresegner og retningslinjer i felles kommunedelplan for villrein i Nordfjella/ Hardangervidda villreinområde skal framleis gjelde.

1.2 Føresetnader for utbygging §11-9 nr. 6 og 7

Utbygging skal ikkje kome i konflikt med viktige landbruksområde, kulturlandskap, kulturminne, naturområde, viltområde og område som er viktig for almen friluftsliv og ferdsel. I spesielle bygningsmiljø og naturområde skal utbygginga tilpassast eksisterande bygningsmiljø og ikkje leggast visuelt eksponert. (§11-9, nr. 6 og 7).

1.3 Byggjeforbod langs vassdrag etter §11-9 nr.5 og 6

I område målt 100 m frå strandlina (målt i horisontalplanet og ved gjennomsnittleg flomvasstand) langs vatn over 100 daa og vassdraga Sundåni, Kulu, Ridøla, Kvinda, Sireåni, Heståni, Løkbekken, Lya, Votna og Hallingdalsåni, kan det ikkje byggjast eller setjast i verk nye bustadbygg, næringsbygg, fritidsbygg, vegar, masseuttak, landbruksvegar og masseuttak knytt til landbruket før arbeidet er i samsvar med godkjent reguleringsplan. For bekkar og mindre elver merka på plankartet er grensa 50 m.

Påbygging på eksisterande bustadbygg, næringsbygg, og fritidsbygg vert tillate om ikkje tilgangen for almenheten til strandsona vert redusert, jf § 11-11 nr.5. Utenomhusplan som syner almenhetens tilgang til strandsona skal følgje søknad om tiltak. Det er vidare eit krav om at utbygging på desse tomtene ikkje skal kome i konflikt med viktige landbruksområde, kulturlandskap, kulturminne, naturområde, viltområde og område som er viktig for almen friluftsliv og ferdsel, jf §11-9 nr 6. Dette skal dokumenterast.

Retningsline for flomvurdering

Det er ikkje tillate med etablering av nye bygningar som t.d. bustader, fritidshus, landbruksbygningar, industri/næring/kontor, skuler og infrastruktur langs vatn og vassdrag* lågare enn nivået for ein 200 års flom, med mindre det blir utført tiltak som sikrar ny busetnad mot flom. Det same gjeld ved fornying og/eller re-etablering av desse bygningane.

Vurderingane og dokumentasjonen skal utførast av sakkyndig og vere i tråd med NVE sin retningsline nr.1/2008 Planlegging og utbygging i fareområde langs vassdrag. Retningslinene er tilgjengeleg på www.nve.no.

* Vassdrag er definert som elv eller vatn som har heilårig vassføring. I Ål er desse elvene inn under definisjonen: Hallingdalsåni, Votna, Lya, Sundåni, Kulu, Ridøla, Kvinda, Sireåni, Heståni og Løkbekken

Retningsline for riks- og fylkesveg

Før godkjenning av planar og fortetting av område der trafikken kjem ut på fylkesveg og/eller riksveg skal det vere vurdert om det er trong for naudsynte tiltak på riks- eller fylkesvegane. Avkøyrsløse skal vere godkjent av vegstyresmaktene.

Når trafikken på V2 (Sangelivegen) innanfor Reguleringsplan for Kleivi når ÅDT=350 skal frisktsoner på motsatt side av Rv7 gjennomførast.

Når trafikken på V2 (Sangelivegen) når ÅDT=800 skal Reguleringsplan for Kleivi takast opp til ny vurdering og det skal gjennomførast ny trafikkanalyse før vidare utbygging kan tillatast.

Retningsline for utbyggingsavtaler, jf §17-2

Kommunestyret har gjort fylgjande vedtak knytt til utbyggingsavtaler den 21.09.2006, saksnr 45/06: "Ål kommune-styre vedtek "Retningsliner for bruk av utbyggingsavtaler for Ål kommune" datert 11.9.06 som prinsipp for bruk av utbyggingsavtaler i Ål kommune med heimel i plan- og bygningslova § 64."

Retningsline for byggeområde

Ved regulering i framtidige og eventuell fortetting i eksisterande område for fritidshus og næringsområde bør det gjerast ei områdeanalyse som syner at det vert teke omsyn til: stigar/skiløyper, grøntkorridorar, terrengtilpassing, vass- og avlaupsanlegg, kvalitetane i eksisterande bygningsmiljø, utnyttingsgrad, veg og andre verdier i området.

2.0 BYGNINGAR OG ANLEGG (§11-7 nr.1)

2.1 FRITIDSBUSTADER (§ 11-9 og §11-10)

2.1.1 Unntak frå plankrav (§11-10, nr. 1)

Det er unntak frå plankravet for tomter som er godkjent i disposisjonsplanar. Disposisjonsplanane går ut som eigen plan, men tomtene er avsett som eksisterande byggeområde. Oversikt over ledige tomter finns i pkt 5.0. Aktuelle tomter må liggje inntil andre hytter, maksimalt 100 m frå eksisterande veg, ikkje liggje visuelt eksponert eller i ras- eller flomutsette område. Det er vidare eit krav om at utbygging på desse tomtene ikkje skal kome i konflikt med viktige landbruksområde, kulturlandskap, kulturminne, naturområde, viltområde og område som er viktig for almen friluftsliv og ferdsel. Dette skal dokumenterast.

For ledige tomter godkjent i Breie hyttefelt (disp.plan 17) og Stavestølen hyttefelt (disp.plan 20) er det krav om ny reguleringsplan

2.1.2 Rekkjefølgjekrav (§11-9 nr.4.)

- a) Før godkjenning av reguleringsplan for området F3-3 - Knutstølvovda skal skiløype vere sikra i anna trasè enn vegen til området.

2.1.3 Utforming og plassering av bygningar og anlegg (§11-9 nr.5, 11-10 nr.1)

- a) Om det ikkje er vedteke eigne føresegner gjennom godkjent områderegulering eller detaljregulering, skal føresegnene i pkt 2.1.3 nyttast ved nybygg på **eksisterande** tomter og tilbygg til **eksisterande** bygg.
- b) Det kan byggjast ei bueining (eitt kjøkken) pr. tomt. Kvar tomt kan ha inntil tre bygg, dvs. eitt fritidshus, eitt anneks og eitt uthus.
- c) Utnyttingsgraden i område som skal nyregulerast kan vere maksimalt 236 m² BYA pr. tomt. Innanfor dette arealet kan summen av fritidshus og anneks vera på inntil 150 m². Annekset kan ikkje vera større enn 30 m². Uthus kan vera på inntil 50 m². Det er krav om to parkeringsplassar à 18 m² pr. fritidsbustad. Avstand mellom fritidshus og anneks skal vera maks. 3 meter. Mønehøgda kan vera inntil 6,0 meter.
- d) Utnyttingsgraden i område utan reguleringsplan kan vere maksimalt 186 m² BYA pr. tomt. Innanfor dette arealet kan summen av fritidshus og anneks vera på inntil 120 m². Annekset kan ikkje vera større enn 30 m². Uthus kan vera på inntil 50 m². Det er krav om to parkeringsplassar à 18 m² pr. fritidsbustad. Avstand mellom fritidshus og anneks skal vera maks. 3 meter. Mønehøgda kan vera inntil 5.0 meter.
- e) **For desse områda er det eigne byggjeføresegn, jf. disposisjonsplan: Grønli hyttefelt (plan 11), Fjellstølen hyttefelt, (plan 36).** Desse punkta skal gjelde før dei generelle punkta i 2.1.3.
Grønli: På kvar tomt skal det berre byggast eit hus. Det kan i tillegg byggast eit uthus på inntil 15 m². Tak skal vere saltak med takvinkel frå 15 til 28°. Tak skal tekkjast med torv, mørk skifer, svart papp eller impregnerte bord. Grunnmur skal vere max. 45cm høg. Alle hus skal byggast i reine trekonstruksjonar, utvendige fargetonar skal vere brunsvarte. Det kan gjerdast opptil 100 m² rundt hytta.
Fjellstølen: På kvar tomt skal det berre byggast eit hus. Tak skal vere saltak med takvinkel frå 15 til 22°. Tak skal tekkjast med torv, mørk skifer, svart papp eller impregnerte bord. Grunnmur skal vere max. 45cm høg. Alle hus skal byggast i reine trekonstruksjonar, utvendige fargetonar skal vere brunsvarte. Hytta skal ikkje gjerdast inn.
- f) Bygningar skal leggjast i balanse mellom skjering og fylling. Fylling skal ikkje overstige 1,0 meter og kan ikkje strekkje seg lenger enn 2,5 meter frå yttervegg.
- g) Mønehøgde, takvinkel, form og materialbruk skal samsvare med omkringliggende bygg. Nye område kan planleggjast med samtidsarkitektur. Som hovudregel skal det nyttast naturmateriale og mørke jordfargar i fasadar.
- h) Glasruter og glasareal skal ikkje utgjere meir enn 30% av den enkelte fasade sitt veggareal. Takteking skal vera torv, skifer, tre eller skiferliknande takpapp.
- i) Det er ikkje tillate med flaggstong, spir eller klokkeårn.
- j) Det er tillate å gjerde inn inntil 400 m² av tomta, inklusiv bygga, under føresetnad av at det vert nytta sauesikkert gjerde. Grind skal svinge utover.
- k) Det kan framførast infrastruktur som veg, straum, vatn, avlaup osb. Det er ein føresetnad at det vert planlagt og utført med tanke på minst mogleg terrenginngrep og hogst av skog.
- l) For områda F3-1 – Nysetlia og F3-2 – Venehovda skal det takast særleg omsyn til beiteressursane i området ved plassering av byggeområda i detalj.

2.2 BUSTADOMRÅDER (§ 11-9 og §11-10)

- a) Innanfor eksisterande bustadområde kan det tillatast fortetting om det ikkje kjem i konflikt med lokale fellesareal for opphald og leik, og om avkøyring til offentleg veg kan godkjennast, jf §11-10 nr.4.

2.3 OFFENTLEG ELLER PRIVAT TENESTEYTING, NÆRINGSVERKSEMD, RÅSTOFFUTVINNING, FRITIDS- OG TURISTFORMÅL (§ 11-9 og §11-10)

- a) Innanfor eksisterande industri- og næringsområde kan det tillatast fortetting om omsynet til skjermvegetasjon, støy og anna ureining frå området mot nærliggjande bygg vert vurdert og teke omsyn til, jf §11-10 nr. 1.
- b) Område I2 (Torpo sentrum, sør) er område for mindre arealkrevjande og ikkje støyande industriverksemder.
- c) I område N3 (Torpomoen) er det ikkje tillate med detaljhandel, jfr. Fylkesdelplan for handel, service og senterstruktur i Buskerud okt. 2003.
- d) Syningen fjellpark: Område N20 er område for hotell, utleigehytter, aktivitetsområde og fritidshus. Inntil 50% av bygningsmassen i området kan vera for fritidshus. 50% av bygningsmassen skal vere varme senger (utleige, hotell). Området N21 er aktivitetsområde i tilknytning til område N20.
- e) A1 og A2 er område for forsamlingshus. Reguleringsplan for området skal omfatte avkøyring/ kryss inn på riksveg7, ny køyrebru over Hallingdalselva, syne sanering av kryss Rv7 - Bæra bru og nærliggjande avkøyringar. Det skal lagast ei trafikkanalyse og ei flomvurdering av områda.

2.4 IDRETTSANLEGG (§ 11-9 og §11-10)

Innanfor områda kan det plasserast bygg og anlegg som har med drift av idrettsanlegget å gjera. Dette er spreidde idrettsanlegg som skytebane, fellesanlegg for ski, skibakkar osb.

Retningsline for fritidsbustader

Områder for fritidsbustader bør planleggjast familievennlege og med god plass, og vere godt tilpassa natur, landskap og eksisterande byggjemønster. Det bør takast særleg omsyn til det einskilte området sitt særpreg/ byggjemønster.

Utandørs lyssetjing skal ha skjult lyskjelde og skal vera avslått når bygningane ikkje vert bebudd. Det er ikkje tillate med lysarrangement langs vindskier, rekkverk og gesimsar i samband med julehøgtida.

3.0 LANDBRUKS- NATUR OG FRILUFTSFORMÅL (§ 11-7, nr. 5)

Det meste av Ål kommune er avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde. LNF-sona er delt inn i arealkategoriar med ulike reglar for spreidd utbygging.

LNF Villrein, fjell og skog område

Innanfor desse områda gjeld dei generelle reglane for utbygging i LNF område.

LNF 2 – Område med eksisterande spreidde fritidsbustader

Område med eksisterande fritidshus.

LNF 3 – Grender

Område med fast busetnad og aktivt landbruk. Det er opning for utbygging til spreidd nærings- og bustadføremål etter eigne føresegner. Ledige hus må prioriterast for fast busetjing. Det vil ikkje vera tillate med ny utbygging av fritidshus eller bruksendring frå bustad til fritidshus i denne sona.

3.1 AREAL FOR SPREIDDE FRITIDSHUS I LNF-2 (§11-7 nr.5b og §11-11 nr.2)

Punkt 3.1.1 gjeld for både LNF-2 A og LNF-2 B områda. Punkt 3.1.2, 3.1.3 og 3.1.4 gjeldt kun LNF-2 B område. Punkt 3.1.5 gjeld kun LNF-2 A område.

3.1.1 Nye bygg og anlegg (§11-11, nr.2)

I området (LNF-2 A og B) er det ikkje tillate med bygging av **nye einingar** for fritidshus, bustader, turistanlegg eller næringsområde eller fradeling av tomter til dette.

3.1.2 Unntak for eksisterande fradelte hyttetomter i LNF-2 B område (§11-11, nr. 2)

Unntak frå pkt 3.1.1 er at det kan byggjast på tidlegare fradelte tomter (tomter godkjent etter 1.1.1980) i B områda gjennom handsaming av enkeltvise søknader, jf §11-11 nr.2. Aktuelle tomter må liggje inntil andre hytter, maksimalt 100 m frå eksisterande veg og ikkje liggje visuelt eksponert eller i ras- eller flomutsette område. Det er vidare eit krav om at utbygging på desse tomtene ikkje skal kome i konflikt med viktige landbruksområde, kulturlandskap, kulturminne, naturområde, viltområde og område som er viktig for almen friluftsliv og ferdsel. Dette skal dokumenterast. Det kan maksimalt tillatast utbygd 25 tomter i B områda samla.

3.1.3 Andre bygge- og anleggstiltak i LNF - 2 B område (§11-9, nr. 1)

- a) I tilknytning til veg eller byggeområde for fritidshus kan det etablerast masseuttak/massedeponi for lokale byggeområde etter godkjent reguleringsplan.

3.1.4 Omfang, plassering og utforming av fritidsbygg i LNF-2 B område (§11-11, nr.2)

- a) Eksisterande bygg og godkjente tomter i **skogdekte** område kan byggjast ut etter føresegnene i pkt. 2.1.3, unnateke bokstav c og k.

3.1.5 Omfang og utforming av fritidsbygg i LNF-2 A område, snaufjell og andre visuelt utsette område (§11-11, nr.2 og §11-9 nr 5 og 6)

- a) Eksisterande fritidshus kan byggjast ut etter føresegnene i pkt 3.1.5 b – h. (§11-11, nr 2)
- b) Det kan byggjast ei bueining (eitt kjøkken) pr. tomt. Kvar tomt kan ha tre bygg, dvs. eitt fritidshus, eitt annekset og eitt uthus, jf. §11-9 nr 5
- c) Utnyttingsgraden er 186 m² BYA pr. tomt. Innanfor dette arealet kan summen av fritidsbustad og annekset vere på inntil 120 m². Fritidsbustaden kan maks vera 100 m², annekset kan ikkje vere større enn 30 m². Uthus kan vere på inntil 30 m². Om det er veg fram til tomte, er det krav om to parkeringsplassar à 18 m² pr. fritidsbustad. Avstand mellom fritidshus og annekset skal vera maks. 3 meter, §11-9 nr 5.
- d) Mønehøgda kan vere inntil 5 meter. Tverrloft er ikkje tillate, jf §11-9 nr 5.
- e) Det skal nyttast naturmateriale og mørke jordfargar i fasadar. Glasrutene skal vere oppdelte og glasareal skal ikkje utgjere meir enn 30% av den enkelte fasade sitt veggareal. Taktekking skal vera torv eller tre, jf §11-9 nr 6
- f) Bygningar skal leggjast i balanse mellom skjering og fylling. Fylling skal ikkje overstige 1,0 meter og kan ikkje strekkje seg lenger enn 2,5 meter frå yttervegg, jf §11-9 nr 6.
- g) Det er ikkje tillate med flaggstong, spir eller klokketårn, jf §11-9 nr 6.
- h) Det er tillate å gjerde inn inntil 400 m² av tomte, inklusiv bygg, under føresetnad av at det vert nytta sauesikkert gjerde. Grind skal svinge utover, jf §11-9 nr 5.

3.2 LNF- 3 GRENDER (§11-11, nr. 1 og 2)

3.2.1 Spreidd utbygging

- a) Eksisterande fritidshus kan utformast etter føresegnene i pkt 2.1.3.
- b) Det er ikkje tillate med nye fritidshus eller bruksendring til dette føremålet.
- c) Det kan tillatast nye spreidde bustadhus og næringsbygg om dei ikkje kjem i konflikt med viktige helse-, landbruk-, natur-, vilt-, landskap-, friluft- og kulturlandskapsinteresser og kulturminne.
- d) Gjennom behandling av enkeltvise søknader jf §11-11 nr. 2 kan det tillatast oppført enkeltvise spreidde bustader og næringsbygg som oppgitt under:

Sone	Bustader	Næring
Breie	3	3
Kvinnegardslia	3	3
Nordbygdene	5	8
Torpo og Opheim	5	5

- e) Næringsbygg skal ikkje overstige 200 m² for enkeltvise søknader.
- f) Det er ikkje tillate med nye næringsareal eller bustader som krev ny avkøyring på rv7. Ved utvida bruk skal det vere vurdert ei sanering av fleire avkøyringar/kryss i området.
- g) Nye næringstiltak skal ikkje medføre fare for helseskade eller helsemessig ulempe for dei som bur eller oppheld seg i området.
- h) Nye bustader skal planleggjast i tilknyting til anna fast busetnad. Veg fram til nye bustader skal halde stigningskravet til vegklasse III for skogsbilveg.
- i) Nye bustadhus skal ha tilfredsstillande støyforhold, jf MD retningsline T-1442.

Avkøyringar frå riks- og fylkesveggar (§11-09 nr.3)

- a) Spreidd utbygging må ikkje kome i konflikt med vedteken Fylkesdelplan for avkjørsler og byggegrenser langs riksvegnettet.

Tilhøve til jordlova (jordlova, §2, 2.ledd)

Jordlovas §§9 og 12 skal gjelde i LNF-3 grender

Retningsline for spreidd utbygging i LNF-3 områder

Bustadhus nr 2 og 3 på ein gard kan leigast ut til fritidsføremål, men ikkje frådelast.

Næringar som kan tillatast er bl.a småindustri, utleiehytter, verksemder knytt til foredling av lokale råvarer.

Retningsline for areal for spreidde fritidshus i LNF-2

Utandørs lyssetjing skal ha skjult lyskjelde og skal vera avslått når bygningane ikkje vert bebudd. Det er ikkje tillate med lysarrangement langs vindskier, rekkverk og gesimsar i samband med julehøgtida.

4.0 OMSYNSSONER (§11-8)

4.1 Fareområde (§11-8 a))

4.1.1 Aktsemdkart for steinsprang

Områda omfattar soner i tråd med aktsemdkart for steinsprang. Før tiltak kan setjast i verk i desse sonene skal områda risikovurderast særskilt.

4.2 Bandlagte område (§11-8 d))

4.2.1 Naturvernområde, Fødalen landskapsvernområde

Området er i 1992 verna etter lov av 19. juni 1970, Lov om naturvern, § 5.

4.2.2 Naturvernområde, Tuftelia naturreservat

Området er i 1973 verna etter lov av 19. juni 1970, Lov om naturvern, § 8.

4.3 Krav til felles regulering for fleire eigedomar (§11-8 e))

I områda F1-1, F2-2, F2-5, F3-1, F3-2, F6-8, F6-10b og F7-1 er det krav om felles regulering av eigedomane i det enkelte område.

LNF – Villrein

Viktige leveområde for villrein. Område der kommunane Aurland, Hemsedal, Hol, Lærdal, Ulvik og Ål i fellesskap er forplikta til å gje forvaltinga av villreinen prioritet. Ny utbygging må *vurderast i høve til kva verknader anlegg og tiltak vil få for villrein*.

Leveområde villrein og randsone villrein -

I samsvar med føremål for leveområde villrein, skal kommunane utøve eit særskild ansvar i høve til planar om tiltak som kan føre til auka aktivitet inn i villreinområdet. Før det vert utarbeidd planar om tiltak som kan gje vesentleg auka i ferdsel eller annan aktivitet inn i villreinområdet, skal det sendast melding til alle kommunane, samt villreinforvaltninga. Dei same organ vert rekna som høyringsinstans når planar føreligg.

Nedslagsfelt vassdrag verna mot kraftutbygging – Vola og Mørkedøla

Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag gjeld i 100-metersbeltet langs vassdraga innanfor nedbørsfeltet til elva Vola og Mørkedøla.

Kulturlandskap Leveld

Innanfor område merka som område med Kulturlandskap av regional verdi bør det særleg takast omsyn til Leveld sin teigdeling og kulturhistoriske verdi med omsyn til rekkjetun.

5.0 BYGGJEOMRÅDE FOR TIDLEGARE DISPOSISJONSPLANAR

Området kan fortettast med disse tomtene utan at det blir krav om ny reguleringsplan, med unntak av Breie hyttefelt (nr.17) og Stavestølen hyttefelt (nr. 20). For oversikt over plassering, sjå www.aal.kommune.no

Plannr.	Plannamn	Totalt tal tomter	Ledige tomter pr. 01.01.08
1	<u>Stokksendvatnet</u>	5	2
4	<u>Halleset hyttefelt</u>	7	0
7	<u>Randane hyttefelt</u>	5	1
8	<u>Jordet hyttefelt</u>	8	2
9	<u>Turrhaug hyttefelt</u>	52	1
11	<u>Grønli hyttefelt</u>	48	4
13	<u>Feten hyttefelt</u>	7	3
16	<u>Kråkehovda hyttefelt</u>	23	0
17	<u>Breie hyttefelt</u>	107	20
19	<u>Skarsgard hyttefelt</u>	7	5
20	<u>Stavestølen hyttefelt</u>	20	13
22	<u>Torsbugjerda hyttefelt</u>	4	0
27	<u>Toresgard hyttefelt</u>	4	3
29	<u>Tangeskog hyttefelt</u>	8	2
30	<u>Gaurhovdstølen sameige</u>	12	6
33	<u>Vats hyttegrend</u>	18	3
34	<u>Nystølen hyttefelt</u>	25	3
36	<u>Fjellstølen hyttefelt</u>	19	3
37	<u>Rabbehalle hyttefelt</u>	2	0
38	<u>Plassestølen hyttefelt</u>	8	1
39	<u>Barskrind søndre hyttefelt</u>	6	4
40	<u>Sangefjell 1</u>	25	0
42	<u>Sangefjell 2</u>	101	6
45	<u>Osestølen sameige</u>	2	0
46	<u>Hagaheimstølen hyttefelt</u>	8	2
47	<u>Heimstølhovda hyttefelt</u>	6	0
52	<u>Kjellargard søre hyttefelt</u>	6	3
54	<u>Fåreslettene hyttefelt</u>	3	2
60	<u>Larshallremmen hyttefelt</u>	3	0
61	<u>Knutstølhovda hyttefelt</u>	2	0
62	<u>Teigen - Hestebrekk</u>	4	2
69	<u>Bergmo hyttefelt</u>	4	1
88	<u>Jøtatorsbu hyttefelt</u>	8	0